

Bassengreglar for publikum

For at alle skal få ei trygg og triveleg badeoppleving, ber vi om at du følgjer desse reglane:

Tryggleik

- Følg alltid beskjedane frå badevaktene.
- Det er ikkje tillate å filme eller ta bilder i garderober, dusjrom eller bassengrom.
- Løping på bassengkanten er ikkje tillate.
- Hopping skjer berre der det er trygt og ikkje til fare for andre.
- Det er ikkje lov å dytte eller kaste nokon uti bassenget.

Barn og føresette

- Barn under 10 år skal vere under tilsyn av ansvarleg vaksen.
- Føresette har ansvar for at barna følgjer reglane og viser omsyn til andre gjestar.

Utstyr og leiker

- Store badeleiker, ballar o.l. er ikkje tillate under ordinær publikumsbading.
- Armringar og baderingar er tillatne som flytehjelp.
- Symjebrett er tillatne til symjetrening.
- Utstyr skal brukast på ein måte som ikkje er til fare eller plage for andre.

Banesymjing og bassengbruk

- Baner merka for banesymjing er for symjing fram og tilbake, ikkje for lek.
- Etter kl. 20.00 er heile 25-metersbassenget reservert til banesymjing.

Badstue

- Badstua er ei stille sone. Roping og høglydt prat er ikkje tillate.
- Det er forbode å legge gjenstandar i eller på badstueovnen
- Bruk kun små mengder vatn på steinane i badstueovnen.

Ved brot på reglane kan du bli beden om å ta pause frå bading, eller å avslutte besøket for dagen. Gjenteke regelbrot fører til utvising. Takk for at du viser omsyn til både andre gjestar og dei som jobbar i hallen.

